

**Referat 19.11.2021 KKL**

Dok. ref.:	10/11345-110	Møtedato/ Tid:	19.11.2021 09:20
Stad:	Digitalt	Møtenr.:	
Referent:	Thomas Bekkenes		
Til stades:	Rune Landro, Vigeik Brekke, Line Barmen, Stein Inge Stigen, Bjørg Møllerløyken, Anne Erdal, Anne-Merete Vabø Haugane, June Johannesen		

SAKSLISTE

Punkt til behandling	Beskriving/status/oppfølging	Konklusjon
Lokal forskrift COVID-19	Det har i dag vore eit samordningsmøte mellom statsforvaltaren og kommunane i Bergensregionen om nye tiltak for å bremse smitteauken i området. Bergen har bestemt seg for å innføre forskrift om registrering av besøkande på restaurantar/ utestader i tillegg til å påby bruk av munnbind i butikkar/ kjøpesentre, offentlege kommunikasjonsmiddel og taxi. Dei vil og ha ei forsterka tilråding om bruk av munnbind på offentlege stader og innandørsarrangement der ein ikkje kan halde 1 meters avstand.	Kommuneoverlegen tilrår at vi følgjer Bergen sine tiltak fullt ut. KKL er samd med tilrådinga frå kommuneoverlegen. Forskrifta er i dag (19. november) vedteken med heimel i smittevernlova paragraf 4-1. Formannskapet vert tilrådd å gjera formelt vedtak om forskrifta på møtet tysdag 23. november.